



miljøpartiet
dei grønne

vestfold og telemark

FOR

MENNESKE

OG MILJØ

PROGRAM 2019-2023

| | |
|-----------------------|----|
| Innleiing | 3 |
| Viktige saker | 4 |
| Samferdsle og Areal | 5 |
| Landbruk | 7 |
| Skogbruk | 8 |
| Natur | 9 |
| Næringsliv | 10 |
| Utdanning | 12 |
| Kulturliv | 14 |
| Helse og livskvalitet | 15 |

SLIK LES DU PROGRAMMET

Me har delt programmet inn i åtte kapittel som speglar dei nye ansvarsområda i regionen. I dei finn du det me skal jobba med på kort og lang sikt. Me er nøydde til å ha eit lengre perspektiv enn fire år, om me skal få til dei naudsynte endringane samfunnet vårt må gjennom.

INNLEIING

Program
2019-2023

Målet til Miljøpartiet Dei Grøne er eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse. Økonomien skal vera underordna sunne økologiske prinsipp, og fremja fred og rettferd, lokalt og globalt. Levande lokalsamfunn, basert på lokale ressursar er ein føresetnad for å nå målet. Me har sett oss som mål å utforma ein heilskapleg politikk for notid og framtid, basert på tre grunnleggjande solidaritetsprinsipp: solidaritet med andre menneske, solidaritet med framtidige generasjonar og solidaritet med dyr og natur.

Fra Miljøpartiet Dei Grønne sitt prinsippprogram

Noreg står ved eit vegskilje, der langsiktig tryggleik, fridom og velferd for alle står på spel. Dei Grøne vil skapa eit samfunn der me lever det gode liv utan å øydeleggja for andre.

Me er nøyde til å ta eit oppgjær med forbruksjaget. Dei Grøne seier nei til den rovdrifta på menneske og miljø som den rådande politikken står for. Dei Grøne vil ha eit Noreg der unge ikkje vert sjuke av prestasjonspress og kjøpepress. Me vil ha levande lokalsamfunn, der færre er einsame, og me har meir tid til vener og familie. borna våre skal kunna leika trygt ute, og sykla til skulen i frisk luft. Me skal framleis kunna gå tur i gamal skog og fiska i fjorden. Dyra i havet skal ikkje strupast av plast. Langsiktig og framtidretta areal- og transportplanlegging er grunnlaget for klok forvaltning.

Gjennom politikken vår vil Dei Grøne verna om verdiane livskvalitet, nyskaping og fellesskap.

I Miljøpartiet Dei Grøne Vestfold og Telemark er me optimistar og ser eit stort rom for å kunna utvikla den nye regionen vår til det beste for alle som bur her. Frå Færder fyr til Gaustatoppen, for menneske, for dyr og insekt og for gardbrukaren og industriarbeidaren – ja alle skal vera i stand til å medverka til det grønne skiftet. Det er politikken til Dei Grøne. Me veit at me må ta vare på alle dei unike og gode skilnadane i regionen vår. Enten du bur i byen eller på bygda, ved kysten eller i innlandet, skal vår politikk bidra til ein betre kvardag, og samstundes ta vare på dei som kjem etter oss.

Me trur på næringsliv og arbeidsplassar i heile regionen. Me ser ei enorm satsing på fornyeleg energi. Bruk av elbil, kollektivtrafikk og sykkel er snart regelen, ikkje unnataket. Me går i tusental rundt og plukkar plastsøppel, fleire og fleire legg om matvanane sine av klima- og dyreomsyn. Vestfold og Telemark er eit av dei største landbruksfylka våre, og står for ein vesentleg del av matproduksjonen i landet. Me har eit landbruk i verdensklasse, det må me ta vare på og utvikla. Er me i mål? Nei, så langt frå, noko dei titusenvis av ungdomane som har teke til gatene i klimastreik har vist oss. Dersom temperaturen på jorda ikkje skal stiga drastisk, og om me skal hindra at artar døyr ut, må me setja i verk ei radikal omstilling. Berre slik kan me ta vare på sjølve livsgrunnlaget vårt.

Eit Vestfold og Telemark for framtida skal vera robust mot klimaendringar, skapa berekraftige og framtisretta næringar, ha eit stort naturmangfald og vera godt å bu i – uansett kven du er og kvar du bur.

Nedanfor kan du lesa om korleis me vil gjera den nye regionen til den beste for menneske og miljø

VIKTIGE SAKER DEI NESTE FIRE ÅRA

- Me seier eit rungande nei til nytt deponi i Brevik
- Jobba for å framskunda InterCity-utbygginga
- Betre busstilbod i heile fylket
- Fleire ladepunkt i distrikta
- Ta vare på og reetablere naturmangfald
- Garantist for menneskeleg mangfald
- Mangfald og risikospreiing i næringslivet, små og store verksemdar spreidde i heile fylket
- Me seier nei til store, kapasitetsaukande vegutbyggingar inn til byane generelt, og spesielt når det gjeld ByPakke Tønsberg-regionen sine planar for bru mellom Ramberg og Smørberg

1. SAMFERDSLE OG AREAL

Areal og godt tilrettelagt transport legg premissa for kvar me kan bu, jobba og leva gode liv. Me vil arbeida for at innbyggjarane i Vestfold og Telemark kan ha gode liv der dei bur, koma seg enklast mogeleg til jobb og ha gode fritidstilbod. Av den grunn må me ha matjorda, skogen, økosystemet og menneska i tankane når me skal planlegga og bygga transporttilbod for framtida. Samstundes må me skapa levande bygder med høve til fleksible transportløyningar.

I tillegg må me sikra at næringslivet får gode transportvilkår, slik at dei kan halda fram med å skapa gode arbeidsplassar, utvikla eit transportsystem som me stolt kan gje vidare til neste generasjon, og ta vare på kloden og menneska. Difor vil me utvikla gode lokalsamfunn, både på bygda og i byen, og for å få det til er me nøydde til å sjå på korleis me utviklar transportsystema våre på ein heilt ny måte og med andre teknologiar. Me veit at dette er mogeleg å få til, då utviklinga av smarte transportsystem skjer heile tida, over heile verda.

Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Me vil verna all dyrka matjord i Vestfold og Telemark mot utbygging og hindra omdisponering av dyrkbar jord. Dyrkbar jord bør dyrkast opp der det kan skje utan skade på biodiversitet. Målet er å auka areal av dyrka jord.
2. At du skal få eit transporttilbod nærast mogeleg heimen.
3. Satsa på bustader, service, næring og arbeidsplassar rundt kollektivknutepunkt i sentrum av byar og tettstader, for å redusera utslepp frå transport.
4. Ha fortetting med kvalitet, med betre utnytting av grå flatar som alt er bygde på, som samstundes sparar dyrka mark, natur og friluftsområde.
5. Kopla saman Vestfoldbanen og Sørlandsbanen snarast råd.
6. At det skal investerast meir i togmateriell, slik at du slepp å stå på toget.
7. Gjera det mogeleg å overføra gods frå veg til bane på flest mogeleg stader i regionen.
8. Setja i stand og tilby persontrafikk på tidlegare jernbanestrekningar som t.d. Tinnosetbanen, Herøya og Brevik.
9. Jobba for å etablere bilfrie hjartesoner og lågare fart i nærleiken av skular og på skuleveggar.
10. Prioritera ei stor satsing på vedlikhald og heva vegstandard i heile Vestfold og Telemark.
11. Syta for at samfunnstryggleiken for vegnettet er teken vare på, og er sikra mot aukande ekstremvær som flaum og jorskred.

12. Vesentleg redusera bruk av vegsalt og setja i gang pilotprosjekt med miljøvenlege alternativ til vegsalt.
 13. Skilja trafikantane frå kvarandre slik at det vert trygt å gå og sykla.
 14. Legga til rett for kollektivknutepunkt og innfartsparkering i og rundt byane i regionen.
 15. Bruka Vestfold og Telemark si rolle som innkjøpar av kollektivtenester til å skapa nye og fleksible tilbod.
 16. Etablera ei ordning med fleksible kollektive transporttilbod for eldre i byar og tettstader.
 17. Syta for lågare pris på bussbilletter og gode overgangsprisar mellom buss og tog.
 18. Gratis buss for born i helgene.
 19. Eigne sykkelekspressvegar på hovudaksane inn mot byane våre.
 20. Prioritera gang- og sykkelvegar når ny infrastruktur skal byggast i byar og tettstader.
 21. Stimulera til deleordningar for lastesyklar.
 22. Etablera ei prøveordning for reisefrådrag for sykling og gåing i fylkeskommunale verksemder og i samarbeid med det private næringslivet.
 23. Stimulera til gode område for gåande, med mange høve til opplevingar som grøntområde, leikeplassar, serveringstilbod og fritidsaktivitetar.
 24. Etablera sikker sykkelparkering på vidaregåande skular og kollektivknutepunkt.
 25. Fleire digitale og visuelle teljepunkt for sykkel og bilar. Teljepunkta skal kunna fylgjast med på nett.
 26. Styrka kollektivtilbodet, med eit breiare tilbod og kortare tid mellom og betre koordinerte avgangar.
 27. Syta for at arbeidsplassane enkelt kan nåast med kollektivtransport.
 28. Prøveordningar med mindre el-bussar og kortare tid mellom avgangar i byane.
 29. Etablera eit nytt samkøyringsprosjekt som eit sams prosjekt mellom fylkeskommunen og gründermiljø.
 30. Etablera fleire ladestasjonar i distrikta og ved offentlege attraksjonar.
 31. Rimelegare einskildbilletter på buss utanom rushtida.
 32. Samordna billettssystema til VKT og NSB.
 33. Jobba for sterkare positive og negative tiltak som gjer det lønsamt å overføra gods frå veg til bane.
 34. Arbeida for at Torp flyplass så snart som råd kan levera klima- og miljøvenleg flydrivstoff.
-

2. LANDBRUK

Dei Grøne vil endra gjeldande landbrukspolitikk. Me vil stoppa ei utvikling der kvart gardsbruk skal verta større og større, med aukande gjeld og ein gardbrukar som må springa fortare og fortare. Denne utviklinga er ikkje berekraftig korkje for miljø, økonomi eller gardbrukar. Nye konsept for omsetnad og utvikling av lokalmat skal gje større inntekter. Landbruk er den viktigaste næringa i Vestfold og Telemark, men klimaendringane trugar mattryggleiken. Det gjer det svært viktig å auka lokal matproduksjon. Regionen kan sjølv dekkja mykje av eige matbehov, og ei slik satsing må til. Lokal mat gjev god beredskap og tryggleik.

Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Endra retning i landbrukspolitikken ved å auka satsinga på små- og mellomstore bruk og motverka monokulturen i landbruket.
2. Styrka sjølvforsyningsgraden i regionen ved å leggja om til dyrking av meir menneskeemat.
3. Ha ein husdyrproduksjon som er basert på norske ressursar, ikkje på importert korn og soya.
4. Jobba for eit landbruk som tek natur og klima på alvor.
5. Fremja mangfald - dyrking av "nye" grønsaker.
6. Stoppa soyaimporten ved å motivera til lokal proteinproduksjon.
7. Oppretta eit lokalmatfond.
8. Styrka måla for økologisk produksjon og forbruk, og støtta opp under økologisk landbruk som spydspiss for eit meir berekraftig landbruk.
9. Stilla krav til 50% økologisk eller lokalt pordusert mat i offentlege matinnkjøp.
10. Støtta bruk av fangvekstar, grøngjødsling og andre tiltak for å skapa større biomangfald, binding av karbon og meir liv i jorda.
11. Støtta og planlegga for urbant landbruk, andelslandbruk, kooperativ, besøkgardar og stølsdrift, amtkultursenter og marknadsføring av lokalmat.
12. Utvikla nye beiteløysingar med menneskap, bruk av hundar, blanding av dyreslag og bruk av ny teknologi.
13. Fremja beiting i utmark.
14. All matjord må vernast. Me må unngå omdisponering av jord som kan dyrkast. Slik jord bør berre dyrkast dersom det ikkje skadar biodiversiteten. Målet er å auka arealet av dyrkbar jord.
15. Dyrka og dyrkbar jord i kommuneplanar som ikkje er bygde på innan åtte år skal førast attende til landbruk.
16. Støtta gardbrukarar som ynskjer å investera i traktorar og andre landbruksmaskiner som går på klima- og miljøvenleg energi.
17. Støtta prosjekt for lettare omsetnad av ledige gardar og småbruk for å styrka busetnaden i distrikta.
18. Støtta utbygging klima- og miljøvenleg energiproduksjon og ENØK-tiltak på

- gardsbruk.
19. Arbeida for forbod mot bruk av dekkplast i landbruket.
 20. Støtte utbygging av fornybar energiproduksjon og ENØK tiltak på gårdsbruk
 21. Jobbe for forbud mot bruk av dekkplast i landbruket

3. SKOGBRUK

Meir enn halvparten av Vestfold og Telemark er skogkledd. Me har den høgtliggande fjellbjørkeskogen, vide barskogar med innslag av edellaauvskog, kalklindeskog i Grenland og den nordlegaste bøkeskogen i verda i Larvik. Skogbruket spelar ei svært viktig rolle i det grønne skiftet. Skogane tek opp store mengder CO₂, og er dermed enorme lager av karbon. Karbonet er lagra i sjølve tømmeret, og som organisk material i bakken. Når bakken vert utsett for solvarme ved flatehogst er CO₂-utsleppa store, og det tek fleire tiår før nyplanta tre kompenserer for det. Sunn skog tek opp store mengder vatn og fungerer som ein stor svamp, og gjer dermed faren for flaum etter kraftig regn mindre.

Halvparten av alle trua artar er knytt til skog. Det reduserte artsmangfaldet er svært alvorleg. Flatehogst og fragmentering av skogsområda med bilvegar aukar artstapet. Dei Grøne skal snu denne trenden. Skogsdrift må drivast slik at dyr og planter har nok livsgrunnlag i form av mat, hekkestader, stader å gøyma seg og ynglestader.

Miljøpartiet Dei Grøne vil:

22. Arbeida for at skogbruket skal balansera rolla som klimavenleg leverandør av byggematerialar, råstoff til biovarme og biodiesel med omsynet til biomangfald.
23. Støtta bruk av tre og heiltre som byggematerialar i staden for stål og betong, og produksjon av biokol av skogsavfall.
24. Utvikla andre generasjon biodrivstoff basert på skogvirke.
25. Medverka til produksjon av massivtre i Telemark.
26. Auka konkurransekrafta for tre som byggemateriale gjennom krav til livsløysanalyse i teknisk forskrift i byggesektoren, og prioritering av tre i offentlege bygg og anlegg.
27. Vidareutvikla norsk treforedlingsindustri gjennom å stimulera til spesialisering og innovasjon.
28. Arbeida for at skogforvaltninga skjer på økologiske premisser.
29. Informera og motivera skogeigar til ordning for frivillig skogvern.
30. Fremja skånsam hogst ved tilskot til plukkhogst og små flatar.
31. Ta vare på tilvekst og naturmangfald.
32. Garantera ein usprøyta skog. Innbyggjarane skal alltid kjenna seg trygge på at dei kan drikka vatn frå elver og plukka ber og sopp.
33. Stimulera til at kvar einskild skogeigar ser lønsemd og nytte i å pleia skogen.

4. NATUR

Den nye regionen har ein fantastisk og mangfaldig natur, med Hardangervidda i nord og ei kalkrik kystline i sør, med tilsvarende alpine og varmekjære artar, bøskeskog og tareskog, tronge fuktige bekkeløfter og ope landbruksareal. Og ikkje minst har me Jomfruland, eit av dei fremste fugleparadisa i Noreg.

Me menneske tek stadig meir plass på kostnad av dyr og planter som naturleg høyrer heime her. Srealendringar og små og store inngrep gjer at puslebitane som utgjer eit landskap vert mindre og mindre.

Myrar er heim for unike økosystem, fangar karbon og medverkar til å dempa verkandane av flaum. Ei myr veks med to millimeter i året, og det er difor viktig å ta vare på dei myrane me har. Me må gjera ein innsat for å restaurera myrar som har vorte drenert eller brukt til uttak av torv.

Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Stoppa og reversera artsemangfaldet.
2. Krevja at naturinngrep vert fylgt av eit økologisk reknestykke på lik line med det økonomiske.
3. Styrka kartlegginga av artane i regionen.
4. Utvikla ein regional plan for økologisk mangfald i Vestfold og Telemark.
5. Tilsetja ein miljøvernrådsgjevar i den fylkeskommunale leiarstrukturen/klima- og miljøleiinga i leiargruppa til fylkesrådmannen.
6. Laga ein handlingsplan for renaturering, og tilplanting av fasadar og tak.
7. Etablera ein region i Hardangervidda Nasjonalpark fri for inngrep med forbod mot jakt, fiske, beiting og markerte stiar.
8. Legga tilrette for miljøvenleg turisme som vandring, padling og sykling.
9. Setja ned forbod mot vannskuter, og ein svært restriktiv bruk av snøskuter.
10. Seia nei til deponi for farleg avfall i Brevik.
11. Satsa på insektssvenleg kantslått.
12. Vera heilt opne om konsekvensane av energiproduksjon.
13. Verna 10% av den produktive skogen vår.
14. Satsa på skulehagar.
15. Ha ein handlingsplan for vern av storauren.
16. Verna natur ved å bygga på grå flatar heller enn grønne.
17. Beitedyr skal vera trygge på beite utan at me må utrydda rovdyra våre.
18. Kartlegga sjøområda våre med tanke på marinte biomangfald.
19. Verna myrområde i større grad.
20. Etablera eit fond for reetablering av økosystem og for å ta vare på naturmangfald.

5. NÆRINGS LIV

Dei Grøne vil leggja til rette for dei næringane me treng i framtida, som kan skapa verdier i samfunnet utan å gå på kostnad av tåleevna til jorda. I overgangen frå oljebasert til grøn økonomi er omstilling og etablering av nye typar arbeidsplassar viktig. Dei Grøne vil ha trygge arbeidsplassar, både no og i framtida. Det inneber at omstillinga må ta til no.

Industriarbeidsplassar er ein del av det grønne skiftet, og noko av det me skal leva av når olja tek slutt. Me må difor støtta industrien i regionen vår i omstillinga som må til. Innan 2040 vil me at all industri i Vestfold og Telemark skal vera basert på sirkulær økonomi, og vera karbonnegativ. I Grenland vert det alt satsa på sirkulær og utsleppsfri industri, karbonfangst, autonom og utsleppsfri transport og stadig meir miljøvenleg offshoretologi som kan nyttas til langt meir enn oljeverksemd. Ei storstilt satsing på klima- og miljøvenleg energi er heilt naudsynt for å dekkja energibehovet i verda i framtida. Dei Grøne i Vestfold og Telemark ynskjer ei betre utnytting av gråareal i fylket til solcelle- og solfangarparkar. Regionen vår er solrik, og det må utnyttast. Målet er å verta den fyrste klimapositive industriregionen i verda.

Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Støtta industri og anna næringsliv som ynskjer å verta meir berekraftig og aktivt arbeide for å verta lågutslepp eller karbonnegativ.
2. Saman med industrien vil me medverka til ei omstilling ved å bygga ned konkurransevriande særforemoner til oljeindustrien, som leitererefusjon, avskrivingsreglar og garantiordningar.
3. Støtta prosjekt innan karbonfangst og karbonbruk knytt til industri og prosessar.
4. Støtta gründerar innan grønne næringar med alt me har i verktøykassa av fondsmidlar, innkjøpsordningar og andre tiltak.
5. Bygga ut vindkraft med varsemd, og helst til havs. Mindre anlegg nær eksisterande infrastruktur kan gje verdifull lokal produksjon. Me vil unngå bygging i sårbare område og ha absolutt forbod i nasjonalparkar og verneområde.
6. Støtta innovasjonsprosjekt for autonom og utsleppsfri transport etter modell av Yara/Birkeland.
7. Støtta innovasjon der oljebasert offshorokunnskap vert nytta til klima- og miljøvenlege løysingar.
8. Støtta vidareutvikling av Den Magiske Fabrikken i Tønsberg og etablera tilsvarande anlegg i Telemark.
9. Støtta firma som skapar ny verksemd basert på ressursar på avvegjar.
10. Etablera ein reparasjonsportal der innbyggjarar og verksemdar kan finna verksemdar som reparerer.
11. Laga stipendordningar for å fremja grønne næringar, og arrangement for å fremja desse.
12. At fylkeskommunen som forbrukar, i krava i anboda sine, legg vekt på at det er

- mogeleg å reparera, på levetid, kvalitet, rettferd og at det er mogeleg å spora.
13. Støtta ei massiv utbygging av solenergi på næringsbygg.
 14. Støtta karbonfangst i Brevik.
 15. Satsa på reiseliv med lågt avtrykk og naturleg verdiskaping.
 16. Nyttta dei naturgjevne føresetnadene i regionen til å utvikla næringslivet.
 17. Støtta opp om forskning og utvikling for ei meir dyrevenleg, økologisk, berekraftig og utsleppsfri oppdrettsnæring.
 18. Jobba for at akvakulturnæringane for framtida, med fokus på algar, kan bløma i Vestfold og Telemark.
 19. Arbeida for at fylkeskommunen vert ein pådrivar og best mogeleg rettleiande instans for etablering av solcelleparker i kommunal, fylkeskommunal og privat regi i stor skala i Vestfold og Telemark, og at tak på offentlege bygg som regel får solfangning.
 20. Solrike overskotsareal knytt til eksisterande vegar og infrastruktur for straum bør vurderast for oppføring av solcellepanel/solfangingsanlegg. Det same med brakklagde næringsareal som steinbrot og grustak.
-

6. UTDANNING

Program
2019-2023

Framtida ligg i utdanninga i dag. Å utvikla ein vidaregåande skule som medverkar til berekraftig utvikling er viktig for framtida, men òg for elevane i deira eiga samtid. Eleven sine subjektive opplevingar av å vera eit kritisk tenkande, leikande og lærande individ som betyr noko i eit felleskap gjev grobotn for demokratiforståing og medborgarskap.

Dei Grøne har ei heilskapleg tilnærming til læring og kompetanse, og meiner at eleven har rett til å vera ein del av pedagogiske verksemder som tek medverknad, utforsking og kreativitet på alvor. Praktiske, estetiske, sosiale, og teoretiske dugleikar utfyller kvarandre, og tverrfaglege tilnærmingar gjev auka forståing for at alt heng saman med alt.

Elevar på vidaregåande skular har rett på eit godt psykososialt miljø, der dei vert tekne vare på og gjeve høve til å ta vare på kvarandre. Til tross for at me lever i ei tid der mangfald er eit ideal, har det normative aldri vore smalare, og mange unge opplever usunt stress og prestasjonsjag. Me ynskjer ein skule som har fokus på relasjonar, trivnad, livskvalitet og elevsentrert undervisning.

Natur og grøntareal er viktige for klima både ute og inne, og bidreg til trivnad for mennesk. Dei Grøne ynskjer å skapa trivnad og god læring ved å ta i bruk fleire lettstelte grøntareal inne og ute på vidaregåande skular, i form av skulehagar, frukthagar, grønne vegger, parkar og rekreasjonsområde.

Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Etablere prøveordning med tverrfaglege helse- og sosialtenester på vidaregåande skular.
2. Etablere kollektive butilbod for elevar som må flytta heimanfrå for å gå på vidaregåande skule.
3. Etablere prøveordning med studenthyblar knytt til eldresenter.
4. Setja aldersgrensa for barnebillett på kollektivreiser til 18 år.
5. Skapa trivnad og godt læringsmiljø ved å setja i drift lettstelte grøntareal inne og ute på vidaregåande skular, i form av skulehagar, frukthagar, grønne vegger, parkar. Vidareføra og styrka arbeidet med yrkesretting av fellesfaga.
6. Tilby meir spesialisering på Vg1 og opna for at fylkeskommunar kan samarbeida om opplæringstilbod på spesielle fagområde.
7. Legga til rette for at skular, verksemder og nærmiljø tilbyr opplæring som tek vare på lokale ressursar og tradisjonar, og etterspurnaden frå det lokale næringslivet.
8. Spissa kompetansenetkinga inn mot det einskilde yrkesfaget.
9. Etablere sterkare samband mellom teori og praksis innan yrkesfaglege utdanningar.
10. Etablere eiga line for entreprenørskap.
11. Legga til rette for at naturbruksskulane Nome vidaregåande skule avdeling Søve og Melsom vidaregåande skule kan vidareutviklast som fagmiljø for jordbruksnæringa.

12. Investera i miljøteknologi ved naturbruksskulane.
 13. Legga til rette for at Gjennestad vidaregåande skule kan vidareutviklast innan gartnarfaget.
 14. Styrka samhandlinga mellom landbruksnæringa, universitetet og forskingsmiljøet (jfr Landbruksmeldinga for Vestfold og Telemark).
 15. Auka andelen av lærarar på yrkesfag med både yrkes- og pedagogisk kompetanse.
 16. Investera i miljøteknologi i bygningsmassen på dei vidaregåande skulane og nytta teknologien i undervisninga.
 17. Stimulera til fleire innovasjonssenter ved universiteta som kan samarbeida med lokale og regionale aktørar om sosialt og grønt entreprenørskap.
 18. Ha meir fleksibel og tilpassa fordeling av læretida i verksemd i heile opplæringstida.
 19. Etablera prøveordningar med praksis og/eller lærlingeplassar knytt til dei tverrfaglege temaene i skulen, slik at berekraftig utvikling, demokrati og medborgarskap, livsmestring og folkehelse vert meir enn teoretiske perspektiv.
 20. Etablera lærlingeplassar innan entreprenørskap.
 21. Etablera støtteordningar for lærlingeplassar hjå nye verksemdar - òg i oppbygginga.
 22. Etablera fleire stillingar ut over undervisninga, som medverkar til mindre utanforskap.
 23. Etablera prøveordning der verkstader knytt til vidaregåande skular vert opna for reparasjonskafé, utlån av utstyr o.l.
 24. Nytt fri programvare så langt det er mogeleg. Nyutvikling av, eller på vegne av, fylkeskommunen, skal nytta anerkjend fri programvarelisens.
 25. Innføra ei føre var-haldning til bruk av trådløst teknologi i den vidaregåande skulen, av omsyn til stråling.
-

7. KULTURLIV

Kultur utrykker det menneskelege og skapar ei kjensle av å høyra til og ha livskvalitet. Det medverkar til sjølvforståing og innsikt om individ og samfunn. Det grønne samfunnet skal ha eit rikt kulturliv. Kulturlivet gjer oss rikare, speglar og problematisera fortid, samtid og framtid, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Skular, frivillige lag og mange organisasjonar legg til rette for at alle kan skapa og dela kulturopplevingar.

Kulturarven omfattar både fysiske kulturminne og immateriell kulturarv, som handverk, kunnskap og tradisjonar. Den har eigenverdi som kjelde til kunnskap og opplevingar. Kulturarven er viktig i kommunikasjonen mellom ulike grupper, generasjonar og mellom Noreg og verda. Den styrker personleg, lokal, regional, nasjonal og transnasjonal identitetsdanning.

Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Løfta amatørar og det frivillige arbeidet som vert lagt ned i idrett, friluftsliv og kultur.
2. Ta vare på og dyrka kultur slik at me får glede av mangfaldet vårt, i språk, historie, næring og kunst.
3. Gje lokalsamfunn høve til å vidareutvikla sin kulturelle eigenart.
4. Syta for at kultur vert verdsett, og sikra finansiering høve til utdanning og arbeid i byar og distrikt.
5. Styrka ordningar særleg retta mot grupper som ikkje oppsøker kunst og kultur til vanleg.
6. Syta for god infrastruktur og vidareutvikla mangfaldet av kunst og kultur lokalt og nasjonalt.
7. Legga til rette for at kulturarven gjev grønne arbeidsplassar som styrker samfunnet vårt.
8. Ta vare på tidlegare bygningskultur og struktur for å sikra særpreget ved byar og tettstader.
9. Medverka til betre miljøovervaking slik at me kan tryggja dei fysiske kulturminna som er truga av klimaendringar, som hyppigare ekstremvêr og mildare og fuktigare klima.
10. Styrka dei eksisterande museumsinstitusjonane og utarbeida ein heilskapleg museumsplan for fylket.
11. Styrka og vidareutvikla lokale kunst- og kulturattraksjonar.
12. Gjera offentlege data og kulturelle verk tilgjengeleg under fri lisens og i opne og tilgjengelege format.

8. HELSE OG LIVSKVALITET

Dei Grøne legg vekt på helseframjande perspektiv på alle samfunnsområde. God helse er ikkje berre fråver av sjukdom. Det er òg å kunna ta del i samfunnet på egne premiss, og bestemma over eige liv. Det er å kunna gå på skule og arbeid, få spennande og interessante opplevingar og meistra kvardagslege utfordringar. Dei Grøne vil ta tak i drivkrefter bak psykiske lidingar som aukande einsemd, utanforskap og forbruks- og prestasjonsjag.

Dei Grøne meiner det er viktig å halda fast på menneskeleg mangfald, og tek avstand frå negativ diskriminering. Me avviser freistnader på å setja alle frå eit område eller ein kultur i same bås. Mangfald må likevel aldri nyttast som eit påskot for å stilla spørsmål ved menneskerettane. Dei Grøne set personeleg fridom høgt, men då ein grøn fridom der solidaritet og medkjensle set grensene for individuell fridom – ikkje omvendt.

Miljøpartiet Dei Grøne vil:

1. Styrka tilgangen til natur og friluftsliv, som er viktig for helsa, og ein viktig del av norsk kultur.
2. Støtt arrangement som har til hensikt å inkludera alle grupper i samfunnet og skapa gode sosiale møteplassar.
3. Støtta rusfrie arrangement.
4. Styrka samhandlinga mellom skulehelsetenesta, barnevernet, psykisk helsevern og fastlegane.
5. Styrka samarbeidet mellom helsesektoren og NAV for å betre kunna kombinera utdanning eller arbeid med behandling.
6. Etablerer tilbod med transport for elde heimebuande til felles måltid på seniorsenter.
7. Sikra regional styring av spesialisthelsetenesta.
8. Jobba for meir politisk styring av sjukehusa.
9. Jobba for at det vert oppretta fleire døgnplassar i psykiatrien.
10. Oppretthalda gode tilbod på lokalsjukehusa i tråd med den medisinske utviklinga og det dei som bur der treng.
11. Gjera terskelen for naudsynt tannbehandling lågare.
12. Legga til rette for at interesseorganisasjonar med ulike tilnærmingar til rusomsorga kan ta imot støtte til informasjonsarbeid og arbeid mot rusavhengnad.
13. Auka rammene for TT-kort.

Foto: Tomas Moss



■ vestfoldogtelemark.mdg.no
f [@mdgvestfoldogtelemark](https://www.facebook.com/mdgvestfoldogtelemark)
i [@mdgvestfoldogtelemark](https://www.instagram.com/mdgvestfoldogtelemark)
#formenneskerogmiljø

miljøpartiet
de grønne

vestfold og telemark